**2012/EØS/34/10**

# AVGJERD I EØS-KOMITEEN nr. 10/2012

**av 10. februar 2012**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 72/2011 av 1. juli 2011([1]).

2) Kommisjonsforordning (EU) nr. 301/2011 av 28. mars 2011 om endring av rådsforordning (EF) nr. 297/95 med hensyn til justering etter inflasjonstakten av gebyrene til Det europeiske legemiddelkontor([2]) skal takast inn i avtala.

3. Kommisjonsvedtak 2008/911/EF av 21. november 2008 om fastsetjing av ei liste over plantestoff, plantepreparat og kombinasjonar av desse til bruk i tradisjonelle plantelækjemiddel([3]) skal takast inn i avtala.

4) Kommisjonsvedtak 2010/28/EF av 28. juli 2009 om endring av lista over plantestoff, plantepreparat og kombinasjonar av desse til bruk i tradisjonelle plantelækjemiddel([4]) skal takast inn i avtala.

5) Kommisjonsavgjerd 2010/30/EU av 9. desember 2009 om endring av lista over plantestoff, plantepreparat og kombinasjonar av desse til bruk i tradisjonelle plantelækjemiddel([5]) skal takast inn i avtala.

6) Kommisjonsavgjerd 2010/180/EU av 25. mars 2010 om endring av vedtak 2008/911/EF om fastsetjing av ei liste over plantestoff, plantepreparat og kombinasjonar av desse til bruk i tradisjonelle plantelækjemiddel([6]) skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg II kapittel XIII til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 15h (rådsforordning (EF) nr. 297/95) skal nytt strekpunkt lyde:

   "– **32011 R 0301**: (kommisjonsforordning (EU) nr. 301/2011 av 28. mars 2011 (EUT L 81 av 29.3.2011, s. 5)."

2. Etter nr. 15zk (kommisjonsdirektiv 2009/135/EF) skal nytt nr. 15zl lyde:

   "15zl. **32008 D 0911**: Kommisjonsvedtak 2008/911/EF av 21. november 2008 om fastsetjing av ei liste over plantestoff, plantepreparat og kombinasjonar av desse til bruk i tradisjonelle plantelækjemiddel (EUT L 328 av 6.12.2008, s. 42), som endret ved:

   – **32010 D 0028:** Kommisjonsvedtak 2010/28/EF av 28. juli 2009 (EUT L 11 av 16.1.2010, s. 12),

   – **32010 D 0030:** Kommisjonsavgjerd 2010/30/EU av 9. desember 2009 (EUT L 12 av 19.1.2010, s. 14),

   – **32010 D 0180:** Kommisjonsavgjerd 2010/180/EU av 25. mars 2010 (EUT L 80 av 26.3.2010, s. 52)."

([1]) TEU 262 av 6.10.2011, s. 28, og EØS-tillegget til TEU nr. 54 av 6.10.2011, s. 38.
([2]) TEU L 81 av 29.3.2011, s. 5.
([3]) TEU L 328 av 6.12.2008, s. 42.
([4]) TEU L 11 av 16.1.2010, s. 12.
([5]) TEU L 12 av 19.1.2010, s. 14.
([6]) TEU L 80 av 26.3.2010, s. 52.

*Artikkel 2*

Teksta til forordning (EU) nr. 301/2011, vedtak 2008/911/EF og 2010/28/EF samt til avgjerd 2010/30/EU og 2010/180/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. februar 2012, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 10. februar 2012

For EØS-komiteen

***Gianluca Grippa***

Fungerande formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.